

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 16.08.2010
 Sakhandsamar: **Hans Stenby og Terje Arne Krokvik**
 Saka gjeld: **Langtidsbudsjett 2011 – 2015**

Arkivsak

Styresak 091/10 B

Styremøte 01.09. 2010

Forslag til vedtak

1. Styret vedtar langtidsbudsjett for 2011 til 2015.
2. Resultatkravet for perioden 2011 til 2015 blir fastsett som følgjer:

Resultat pr. føretak	Langtidsbudsjett					
	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Helse Stavanger	26 384	40 000	50 000	85 000	81 000	122 000
Helse Fonna	10 000	10 000	31 000	34 000	34 000	35 000
Helse Bergen	110 000	160 000	180 000	200 000	220 000	220 000
Helse Førde	-40 000	-20 000	0	10 000	20 000	20 000
Helse Vest IKT	105	0	0	0	0	0
Apoteka Vest	7 314	7 000	8 000	8 000	9 000	9 000
Helse Vest RHF	43 677	20 000	0	0	0	0
Sum føretaksgruppa	157 480	217 000	269 000	337 000	364 000	406 000

3. Helseføretaka må styre og prioritere investeringane innanfor tilgjengelig likviditet i langtidsbudsjettet. Dersom resultatet endrar seg negativt må det gjerast nødvendige tilpassingar i investeringane
4. Helse Førde får omfordelt likviditet på ytterlegare kr 60 mill frå RHFet til investeringar i 2010/11. Desse investeringane med tilhøyrande driftskonsekvens må bli innarbeidd i deira langtidsbudsjett
5. Dei årlege investeringsbudsjetta blir vedtatt i samband med behandling av dei årlege budsjetta.
 Beslutning om og gjennomføring av investeringar må følgje fastsatte retningslinjer for investeringar. Langtidsbudsjettet gjev ikkje godkjenning for gjennomføring av dei enkelte prosjekta.
6. Rullering av nytt langtidsbudsjett skal gjerast våren 2011 med basis i revisjon av Helse 2020.

1. Innleiing

Styret i Helse Vest har vedtatt å utarbeida eit 5-årig langtidsbudsjett i kvart helseføretak og for føretaksgruppa som heilskap kvart år. Langtidsbudsjetta skal ha ei årleg rullering der ein tar opp i seg endra føresetnader og føringar frå styret og eigar. Under sak 093/09 B har styret i Helse Vest lagt føringar for langtidsbudsjett 2010-2014. Med utgangspunkt i denne saka skulle helseføretaka legge fram sine langtidsbudsjett i desember 2009. Dette var første gang det blei utarbeida langtidsbudsjett. Helseføretaka hadde tilnærma seg dette arbeidet ulikt, men hovudfokuset var lagt på investeringar.

Helse Vest la med utgangspunkt i desse langtidsbudsjetta fram eit forenkla langtidsbudsjett (sak 009/10B) i møte den 3/2-10 der det blei fokusert på investeringsplan og økonomisk bereevne. Styret vedtok å setja i gang ein prosess med tanke på å legge fram eit rullert langtidsbudsjett i helseføretaka og føretaksgruppa i møte den 22. juni 2010. Føresetnader og føringar som blei vedtatt under sak 093/09 B gjeld i hovudsak for langtidsbudsjett 2010-2015.

Helse Vest fekk tilbakemelding frå helseføretaka om at det ikkje var realistisk å klare å leggje fram eit godt gjennomarbeida langtidsbudsjett for føretaksgruppa allereie i juni. Helseføretaka trong tida fram til sommaren med å lage sine langtidsbudsjett samt å behandle desse i sine respektive styre i juni. Med basis i denne tilbakemeldinga blei det under styreseminaret den 4/3-10 skissert ein justert framdriftsplan der helseføretaka har tida fram til juni månad med å få styrebehandla sine langtidsbudsjett. Helse Vest legg med utgangspunkt i dette fram eit revidert langtidsbudsjett for føretaksgruppa i denne saka.

Revisjon av Helse 2020 skal gjerast hausten 2010. Dette vil gje oppdaterte føringar til neste års langtidsbudsjett.

2. Føresetnader for langtidsbudsjettet

Utgangspunkt for helseføretaka sine langtidsbudsjett er noverande opptaksområde og funksjonar. Det kan bli endringar i oppgåvefordelinga mellom føretaka i langtidsbudsjettperioden, m.a. innan kreftkirurgi. Dette er likevel forventa å vere mindre endringar og må bli handtert når det er aktuelt.

Langtidsbudsjettet har eit tidsperspektiv på 5 år.

Alle tal i budsjettet er uttrykt i 2010 kroneverdi og det er ikkje gjort justeringar for pris og lønsvekst.

Når det gjeld endringar i rammetilskot, ISF-inntekt og aktivitet har helseføretaka lagt til grunn føringar som er gitt i sak 093/09 B. Det er i sak 093/09 B lagt til grunn ein generell vekst på 1 % totalt for regionen.

Helseføretaka er likevel oppmoda til å leggje inn ein vekst i basisramma som er noko lågare som følgje av regjeringa må tilpasse statsbudsjettet i tråd med handlingsregelen. I tillegg er det forventa at samhandlingsreforma vil gi mindre vekst i spesialisthelsetenesta i åra framover.

I langtidsbudsjettet har helseføretaka lagt inn følgjande vekst i basisramma:

Vest i basisramma	Helse Stavanger	Helse Fonn	Helse Bergen	Helse Førde	Total
2010-2011	1,4 %	0,8 %	0,7 %	0,2 %	0,8 %
2011-2012	1,7 %	0,8 %	0,7 %	0,2 %	0,9 %
2012-2013	1,5 %	0,8 %	0,7 %	0,2 %	0,9 %
2013-2014	1,4 %	0,8 %	0,7 %	0,3 %	0,9 %
2014-2015	1,4 %	0,8 %	0,7 %	0,3 %	0,9 %

Det er hovudsakeleg Helse Bergen og til dels Helse Førde som har moderert sine vekstføresetnader i forhold til vekstanslaget i sak 093/09 B. Helse Stavanger og Helse Fonna har lagt seg på om lag same nivå som i sak 093/09 B.

I tabellen under er det vist dei vekstføresetnadene som føretaka har lagt til grunn for utvikling i ISF inntekta:

Vest i ISF inntekta	Helse Stavanger	Helse Fonn	Helse Bergen	Helse Førde	Total
2010-2011	2,7 %	1,6 %	1,1 %	0,2 %	1,5 %
2011-2012	2,3 %	2,1 %	1,2 %	0,3 %	1,5 %
2012-2013	2,4 %	1,7 %	1,1 %	0,3 %	1,5 %
2013-2014	2,3 %	1,7 %	1,2 %	0,4 %	1,5 %
2014-2015	2,6 %	1,7 %	1,1 %	0,4 %	1,5 %

Når det gjeld ISF inntekta har Helse Stavanger og Helse Fonna lagt til grunn ein vesentleg høgare vekst i DRG produksjonen enn det som er lagt som føresetnad i sak 093/09 B. Dette er eit forhold som må drøftast nærmare og føretaka må tilpasse seg dei gjeldande vekstføresetnader ved rullering av neste langtidsbudsjett. Helse Bergen og Helse Førde har lagt vekstføresetnaden på om lag same nivå som i sak 093/09 B.

Det må gjerast ei ny vurdering av kva nivå ein skal legge vekstføresetnaden på ved rullering av neste langtidsbudsjett.

Rentekostnader for eksisterande lån er berekna ut i frå faktisk rentenivå medan rentekostnadene for planlagde låneopptak er berekna med utgangspunkt i sak 093/09 B. Renteutviklinga er lagt på følgjande nivå:

	2010	2011	2012	2013	2014	
Rentesats	3,5%	4,0%	4,5%	5,0%	5,0%	->

3. Nasjonale og regionale føringar

Mangel på heilskap og samordning blir i Nasjonal helseplan framheva som ein av dei største utfordringane helsetenesta stå overfor. Det blir samstundes peika på at samfunnet står overfor store helsemessige og økonomiske utfordringar som følgje av endringar i befolkninga med fleire eldre og endring i sjukdomsbilete.

Eit viktig svar på dette er meir koordinerte helse- og omsorgstenester og ein større innsats for å førebygge og avgrense sjukdom.

Dette er nedfelt i St.meld. nr 47 (2008-2009) Samhandlingsreforma "Rett behandling – på rett sted – til rett tid" som blei handsama av Stortinget våren 2010.

Samhandlingsreforma legg opp til at fleire oppgåver blir løyst lokalt i kommunane og såleis også at ein større del av forventa vekst i helse- og omsorgssektoren vil kome i kommunane.

Samhandlingsreforma legg viktige premisser for utvikling av spesialisthelsetenesta i langtidsbudsjettperioden. Samstundes er det fortsett uavklarte forhold knytta til dei økonomiske, juridiske og organisatoriske ordningane som reforma krev og korleis dette i praksis vil innverke på oppgåvefordelinga mellom spesialisthelsetenesta og kommunane.

Det må påreknast at kommunane etter kvart vil kunne ta fleire oppgåver særleg knytt til eldre pasientar og større ansvar for utskrivingsklåre pasientar. Ei sterkare satsing på forebygging kan først forventast å gi effekt på noko lengre sikt.

Kravet til spesialisthelsetenesta er elles at denne må bli meir spesialisert, betre koordinert og samordna.

Det er vanskeleg å angi meir konkrete konsekvensar av samhandlingsreforma på det noverande tidspunkt. Intensjonane i samhandlingsreforma er likevel i samsvar med ei utvikling som allereie er på gang og som må fortsette.

Det betyr at helseføretak må halde fram arbeidet med å utvikle samhandlingsmodellar med kommunane, utvikle gode pasientforløp internt i spesialisthelsetenesta og mellom nivåa. Pasientane skal møte ei heilskapeleg teneste og få tenestene der dei er best tent med det.

Det er ei særleg utfordring til organisering av tenestene i helseføretaka og samhandling og samordning med kommunane.

Pasientane skal også møte ei teneste som er tilgjengeleg og kompetent.

Ventetidene må bli reduserte og vi må unngå fristbrot. Tenestene må ha ein kapasitet som gjer dette mogeleg. Det betyr dels at ressursar må bli tilført og omdisponert men sett også krav til betre organisering og ei meir effektiv utnytting av ressursane.

Tenestene må også ha god kvalitet og pasientane må bli prioritert i rett rekkefølge. Arbeidet med kvalitetsforbetring og pasientsikkerheit må fortsette, jf kvalitetsprogrammet. Rett prioritering er viktig for å sikre at dei pasientane som treng det mest får tenestene først og at tenestene blir mest mogeleg likeverdige.

Gode tenester føreset at helseføretaka har tilgang på kompetent personell og evner å nytte kompetansen på ein god måte, har tilgang på naudsynt medisinsk teknisk utstyr, samt at tenesteytinga blir understøtta av gode IKT- og byggløysinga.

I Helse 2020 og styringsdokumenta til helseføretaka er føringane nærare presisert.

4. Utvikling i behovet for tenester

Det er fleire forhold som vil innverke på behovet for tenester. Ein auke i befolkninga vil slå inn med særleg auke i talet på eldre. Auke i talet på eldre, vil i nokon grad gjere seg gjeldande i langtidsbudsjettperioden men særleg frå 2015/2016.

Talet på eldre vil auke mest i den sørlegaste delen av regionen. Talet på eldre vil likevel vere prosentvis størst i den nordligaste delen.

Endring i sjukdomsbilete vil i stor grad vere ein konsekvens av at befolkninga vil ha ein større del eldre men også av at nokon sjukdommar vil opptre hyppigare (auka insidens). Hjartesjukdommar, lungesjukdommar, slag, kreft, diabetes og muskel- og skjelettlidingar vil auke.

Det er venta at fleire personar vil få psykiske lidningar i åra framover. Depresjon, angst og rusmiddelmissbruk vil bli store samfunnsmessige utfordringar. Det gjeld også psykososiale lidningar hos barn og unge og rusrelaterte psykiske lidningar.

Det er også ein viss fare knytt til utvikling av nye smittsame sjukdommar og multiresistente bakteriar.

Både somatisk og psykisk sjukdom aukar med alderen og den eldste delen av befolkninga har eit størst forbruk av spesialisthelsetenester. Fleire eldre treng ikkje medføre behov for større endringar i sengekapasitet eller gje ei dramatisk endring av helsekostnadene.

Det føreset likevel at tenestene blir utforma og driven på nye og betre måtar, jf samhandlingsreforma, dvs at helseføretaka i samarbeid med kommunane evnar å møte behov på nye måtar.

Utvikling og bruk av nye medisinske metodar og teknologi er sannsynlegvis den viktigaste kostnadsdrivaren. Det stiller også krav til grunnlag og avgjerdsprosessane knytt til å ta i bruk nye metodar og teknologi.

5. Korleis vil helseføretaka møte utfordringane

Med utgangspunkt i nasjonale og regionale føringar og forventna utvikling i aktivitet og sjukdomsbilde er helseføretaka bedt om å syne korleis utfordringane kan bli møtt gjennom omstilling og tilpassing av verksemda. Kva tiltak vil helseføretaka sette i verk for å møte dei utfordringane som ligg føre og samtidig klare å innrette drifta i tråd med forventna økonomisk ramme og resultatkrav.

Det blir her gjort kort rede for korleis helseføretaka vil møte utfordringane.

5.1 Helse Stavanger

Føretaket vil satse på kvalitetsforbetringar og forbetring i pasientlogistikken. Her vil prioriterte investeringar i perioden spele ein viktig rolle, med bl.a. ein fullføring av 3. etasje MOBA slik at fullstendig MOBA-konsept kan bli innført. Det vil gjere det mulig å behandle fleire pasientar på rett behandlingsnivå, og samtidig betre pasientlogistikken. I tillegg vil nye bygg innan psykisk helsevern for BUPA og Stavanger DPS gi både auka kapasitet og større muligheit for effektiv behandling og logistikk.

Vidare vil føretaket satse på høg grad av standardisering av alle rutinar og prosedyrar som vil gi gode effektar i forhold til ressursbruk i pasientbehandlinga.

Føretaket har ønskje om å bygge opp kapasiteten på dagbehandling for å kunne auke aktiviteten og redusere ventelistene. Dette vil og gje lågare kostnader i pasientbehandlinga. Føretaket bereknar ein liten auke i sengeplassar. Sjølv om ein stor del av aktivitetssauken vil kunne bli tatt som dagbehandling vil det likevel vere behov for litt auke på døgnbehandling. I tillegg vil ein optimalisere bruken av ledig hotellkapasitet, som vil gje eit godt tilbod til fleire pasientgrupper samtidig som ein får rett og meir effektiv bruk av senger på dei ulike postane.

5.2 Helse Fonna

Føretaket har vedteke nokre sentrale førande prinsipp for å møte utfordringane:

- Effektiv og føreseieleg pasientflyt i heile behandlingsskjeda med samordning av ressursane internt og i samhandling med primærhelsetenesta
- Tydeleg og handlekraftig leiing
- Utvikle og innføre felles rutinar for diagnostikk og behandling i samsvar med "beste praksis"
- Kontinuerleg evaluere og forbetre resultat, prosedyrar og rutinar

Føretaket vil hausten 2010 starte ein prosess for omorganisering.

Føretaket har i dag store utfordringar med rekruttering av helsepersonell. Det vil bli satt i gang ytterlegare tiltak for å vurdere oppgåvegliding mellom faggruppene for å sikre god pasientflyt og tilstrekkeleg faglege ressursar. Ein vil spisse dei ulike rekrutteringstiltaka og arbeide med fokus på eigne tilsette som ambassadørar for verksemda.

5.3 Helse Bergen

Føretaket har i sin arealplan fleire sentrale prosjekt. Dette er tiltak for å møte den auka tilstrøyming av pasientar ein ventar i åra framover. Det største prosjektet er oppstart og bygging av BUSP som skal sikre eit langt betre tilbod til barn og unge med både somatiske og psykiatriske lidningar.

Somatikk:

Etter ferdigstilling av Lab-bygget og utflytting av lab.funksjonar frå Sentralblokka, er det no fristilt areal som vil bli bygd om slik at dei kan understøtte betra kvalitet og auka effektivitet i behandlinga av somatiske pasientar.

Det er planlagt ei dagkirurgisk eining med 6 operasjonsstover for lettare kirurgi. Tiltaket vil medføre reduserte driftskostnader pr. inngrep ved raskare behandling. Pasientane vil oppleve dette som ei kvalitetsforbetring. Dagkirurgisk senter vil innebere ein vesentleg auke i operasjonskapasitet som vil dekke auka antal pasientar innan dei kirurgiske faga.

Delar av det frigjorte arealet vil bli nytta til eit nytt senter for thorax-kirurgi som både vil auke kapasitet, kvalitet og truleg gje ein effektivitetsgevinst samanlikna med å nytte eksisterande fasilitetar.

Det vil bli bygd ny mottaksklinikk (forenkla sagt eit "lokalsjukehus") som skal sikre rask og god diagnostikk og behandling utan at pasientane nødvendigvis skal måtte leggjast inn på dei spesialiserte einingane i sjukehuset.

Alle desse ombyggingane vil krevje vesentlege organisatoriske endringar, endringar i pasientflyt og samhandling mellom einingar. Motivet bak investeringane er å sikre betre kvalitet, auka produktivitet og god kostnadseffektivitet.

Psykiatri:

Føretaket vil i kommande periode gjennomføre ein betydeleg opprusting av eksisterande bygningsmasse innanfor psykisk helse. Dette gjeld følgjande prosjekt:

- Øyane DPS som er planlagt tatt i bruk i 2011 (byggeigar er Fjell kommune)
- Kronstad DPS som er planlagt tatt i bruk i 2013
- BUSP-prosjektet som vil starte innanfor ramma av langtidsbudsjettperioden

Alle desse prosjekta vil styrke føresetnaden for å utnytta ressursane betre innanfor psykisk helsevern. Det er særleg viktig å samle fagressursane slik at ein kan byggja robuste fagmiljø. Det er og ei sentral føring av lokalsjukehusfunksjonen innan psykisk helsevern skal vere tilgjengeleg nær brukarane slik at mange behandlingsretta verkemiddel kan nyttast for å bidra til at pasientane skal meistra kvardagen og få eit betre liv.

Tverrfagleg spesialisert rusbehandling:

Psykiatrisk divisjon, Kronstad DPS, vil i 2013 flytte inn i nytt bygg. Avdeling for rusmedisin (AFR) vil flytte inn i same bygg til same tid. Det er ei sterkt ynskjeleg utvikling at AFR blir samla, og at ein får eit tett og godt samarbeid med Kronstad DPS.

Hausten 2010 vil det bli opna ein Akuttpost ved Bergen Legevakt. AFR vil vere sterkt involvert i drifta av Akuttposten, og ikkje minst i samhandlinga med kommunal sektor, med andre aktørar innan TSB, og annan spesialisthelseteneste. Det er og under planlegging ein stabiliseringspost for rusmiddelavhengige, med venta liggetid opp mot ei veke.

5.4 Helse Førde

For å kunne realisere tiltak som kan ha verknad i tråd me dei omstillingsutfordringane Helse Førde står framfor, er det naudsynt å etablere ein omstillingsorganisasjon som arbeider målretta med implementering av tiltak som baserer seg på konklusjonane i eit framtidig vedtak om målbilete for Helse Førde i 2020. I framlegg til framtidig strategi for Helse Førde vert det peika på ulike område som det kan vere naturleg å sjå nærare på for å kunne realisere innsparingar i tråd med bestillinga.

Fokusområde er:

- Føretaket produserer helsetenester i eit omfang (særleg innanfor kirurgiske fag) som overstig landssnittet/objektive behov
- Føretaket har behov for å effektivisere produksjonen av helsetenester med inntil 20%
- Føretaket ønskjer å samle ortopediske tenester ved Førde Sentralsjukehus.
- Føretaket vurderar det som realistisk å samle meir av fødetilbodet i Helse Førde
- Større sengepostar kan vere eit godt verkemiddel for å sikre meir effektiv drift, og samstundes etablere gunstige vakt/turnusordningar

Det blir her elles vist til strategiprosessen i Helse Førde og styret sitt vedtak.

5.5 Sjukehusapoteka Vest

Sjukehusapoteka Vest har i sitt langtidsbudsjett omtalt ei rekke fokus- og satsingsområdar for å møte dei framtidige utfordringane. Desse områda kan oppsummerast som følgjer:

- Farmasøytiske tenester
 - Farmasøytiske tenester til klinikkane, inkludert klinisk farmasi og overflytting av LAR til helseføretaka
 - Farmasøytiske tenester i kommunehelsetenesta og auka behov for samhandling
- Tilverking av legemiddel
 - Auka kvalitetskostnader ved produksjonsanlegg for legemidlar
 - Aseptisk tilbereding/tilsetning til sterile væsker og andre "ferskvarer"
 - Nasjonalt produksjonsprosjekt, NPP
- Vareforsyning til sjukehusa med tilhøyrande tenester

- Forventa vekst i legemiddelforbruket i sjukehusa
- Satsing på rusbehandling
- Framtidig logistikk for vareforsyning
- Eindosepakke legemiddel
- Sal til private kundar/ publikum
- Forsking og utvikling

5.6 Helse Vest IKT

Helse Vest IKT sin økonomi er i stor grad aktivitetsstyrt. Den viktigaste drivaren av kostnader er auken i etterspurnad av tenester frå helseføretaka. Dette gjeld både volum på eksisterande tenester og tenester på nye område. Investeringane har vært store i åra etter etableringa av Helse Vest IKT. Det ser ikkje ut til at det er utsikter til vesentleg nedgong i investeringsnivå dei kommande åra. Ein konsekvens av dette blir at Helse Vest IKT må få likviditet tilgjengeleg til å halde eit naudsynt nivå på investeringane. I tillegg er det viktig å vidareutvikla porteføljestyringa slik at ein får best mogeleg grunnlag for beslutning om investeringsramma og driftskonsekvensar i langtidsbudsjettet for Helse Vest IKT.

Investeringar fører i regelen til nye årlege driftskostnader på 50% av investeringskostnaden. Utfordringa for Helse Vest IKT blir å ta ut samordningsvinstar som kan gjøre at vektsten i kostnadane blir mindre.

6. Økonomisk utvikling og resultatkrav

For første gong sidan overtakinga av spesialisthelsetenesta i 2002 leverte føretaksgruppa i 2009 eit positivt resultat. Resultatet for 2009 blei eit overskot på 156 mill. Budsjettet var på kr 53 mill. Dette er viktig då føretaksgruppa er heilt avhengig av å levere positive resultat for å utvikle seg vidare og for å kunne gjennomføre nødvendige investeringar.

Investeringsbehovet må i utgangspunktet handterast innafor den likviditet helseføretaka klarer å skape. Det ligg føre fleire store investeringsprosjekt i åra som kjem. Det er derfor heilt nødvendig at føretaksgruppa klarer å generere positive resultat og såleis genererer nok likviditet til å løfte investeringane.

Det gjenstår framleis store omstillingsutfordringar i 2010. Både Helse Stavanger og Helse Førde leverte resultat som er dårlegare enn budsjett i 2009. Det er i hovudsak Helse Bergen samt reserven i RHFet som bidrog til det positive resultatet.

For å klare å handtere investeringsplanane samt vidareutvikle føretaksgruppa er det nødvendig å oppnå eit resultat på mellom 300 og 400 mill. kroner dei næraste åra. Under sak 093/09 B (Langtidsbudsjett 2010-2014, føresetnad og føringar frå RHFet til helseføretaka) blei det skissert følgjande resultatkrav på helseføretaka:

Resulatutvikling	2010	2011	2012	2013	2014
Helse Stavanger	26 323	40 000	60 000	80 000	100 000
Helse Fonna	10 000	20 000	30 000	30 000	30 000
Helse Bergen	110 000	160 000	180 000	200 000	220 000
Helse Førde	-40 000	-20 000	0	10 000	20 000
Helse Vest IKT as	105	100	100	100	100
Apoteka Vest HF	7 833	8 000	8 000	8 000	8 000
Helse Vest RHF	43 677	20 000	-	-	-
Til sammen	157 938	228 100	278 100	328 100	378 100

Helseføretaka har i perioden fram mot juni jobba vidare med sine langtidsbudsjett og gjort ei nærare vurdering av nødvendige omstillingstiltak for å tilpasse drifta for å handtere framtidig investeringsbehov. Alle føretaka har no behandla sine 5 årige langtidsbudsjett i dei respektive styra.

I tabellen under er det vist eit samandrag av resultatutviklinga som ligg i føretaka sine langtidsbudsjett fram til år 2015:

Resultat pr. foretak	Langtidsbudsjett					
	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Helse Stavanger	26 384	40 817	50 011	85 630	81 749	122 098
Helse Fonna	10 000	10 069	31 410	34 525	34 816	35 003
Helse Bergen	110 000	160 000	180 000	200 000	220 000	220 000
Helse Førde	-40 000	-20 000	0	10 000	20 000	20 000
Helse Vest IKT	105	100	100	100	100	100
Apoteka Vest	7 314	7 172	8 229	8 714	9 478	9 438
Helse Vest RHF	43 677	20 000	0	0	0	0
Sum føretaksgruppa	157 480	218 157	269 750	338 968	366 144	406 639

Resultatnivåa er i det alt vesentlege i tråd med resultatkravet som tidlegare er skissert. Helse Stavanger sitt langtidsbudsjett viser at dei ligg noko under resultatkravet i 2012 og 2014. Dette er eit forhold som føretaket må gjere ei nærare vurdering av ved rullering av neste langtidsbudsjett, særleg sett i forhold til økonomisk bereevne for framtidige investeringar. Helse Fonna har vurdert det slik at dei ikkje er heilt på plass med resultatkravet i 2011, men for dei etterfølgjande åra ligg dei over tidlegare skissert resultatkrav.

Det er uansett ein risiko knytt til resultatutviklinga som ligg i føretaka sine langtidsbudsjett. Magnussen-modellen er fullt ut implementert, og ein kan derfor ikkje forvente at det kjem ytterlegare styrking av inntektsramma frå 2011 og framover. I tillegg er det ein usikkerheit knytt til handlingsregelen i Statsbudsjettet og kva konsekvensar dette vil får for framtidig inntektsramme frå staten. I samhandlingsreforma er det dessutan signalisert at det vil bli lågare vekst innfor spesialisthelsetenesta i åra som kjem. Dette inneber at krav om positiv resultatutvikling må skje gjennom meir effektiv drift.

Føretaka må derfor ha fokus på og jobbe kontinuerleg med å omstille verksemda i dei kommande åra. Det blir derfor viktig at ein i tillegg til dei meir kortsiktige tiltaka også får sterkare fokus på dei langsiktige omstillingsbehova. Føretaksleiinga må følgje opp at tiltaka blir tilstrekkeleg forankra og innarbeida i rullering av langtidsbudsjett som vil skje våren 2011.

I forslaget til vedtak har administrerande direktør tilpassa resultatkrava i forhold til HF-a sine forslag, men avrunda tal i heile millionar. Om helseføretaka ønskjer å forbetre resultatet ytterlegare i forhold til krava i vedtaket, har dei sjølvsagt høve til det.

7. Økonomisk og finansiell bereevne knytt investeringar

Helseføretaka må som ein hovudregel finansiere sine investeringar innfor den likviditet som ein klarer å skape gjennom drifta.

Med utgangspunkt i helseføretaka sine langtidsbudsjett er den økonomiske og finansielle bærekraft oppsummert som følgjer:

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	157 480	218 157	269 750	338 968	366 144	406 639
+ Avskrivning	932 396	960 611	997 674	995 210	998 757	997 405
+ Nedskrivning anleggsmidlar	0	0	0	0	0	0
= Kontantstraum frå drifta	1 089 876	1 178 768	1 267 424	1 334 178	1 364 901	1 404 044
- Resultatawik 2009	103 375					
+ Opptak av nye lån	0	408 000	270 000	182 000	162 000	215 000
- Avdrag lån	-102 081	-102 082	-102 081	-102 081	-124 332	-124 330
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	0	0	0	0	0	0
+ Sal av anleggsmidlar	0	0	0	20 000	20 000	0
+ Gover	0	0	0	0	0	0
+/- anna *)	100 000	0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	1 191 170	1 484 686	1 435 343	1 434 097	1 422 569	1 494 714

*) Under linja "anna" i tabellen ovanfor ligg det kr 100 mill i 2010. Dette gjeld utbetaling av lån til barne- og ungdomspsykiatrien som er gjort tidlegare år, men kor prosjektet enno ikkje har starta. Dette skuldast at Helse Stavanger på grunn av den økonomiske utviklinga ikkje har hatt grunnlag for å sette i gang prosjektet utan at det blir gitt eit ytterlegare lån på kr 150 mill.

Under føresetnad av at Helse Vest får tildelt lån frå eigar, og at føretaka klarer å levere resultat i tråd med langtidsbudsjettet, vil føretaksgruppa ha berekraft til å gjennomføra investeringar på i overkant av kr 1,4 mrd pr år i perioden 2011 til 2015.

Det er spesielt i Helse Bergen og Helse Stavanger dei store investeringsbehova ligg. Sjølv om dei klarer å levere resultat i tråd med resultatkravet, vil ikkje dette vere tilstrekkeleg til å finansiere investeringsplanane. Dei vil derfor vere avhengig av at det blir gitt lån til dei store investeringsprosjekta.

For Helse Bergen er det nytt barne- og ungdomssenter (BUSP) med ei samla kostnadsramme på kr 1,415 mrd som utgjør det største finansielle løftet. Prosjektet er føresett lånefinansiert med 50%, dvs kr 707 mill. Det er gjennomført styringsdialog med Helse- og omsorgsdepartementet, men det er førebels uvisst når og kor mykje som blir tildelt i lån. Oppstart av BUSP fase II er lagt inn frå og med 2015. Det er her signalisert eit lånebehov på 50%, dvs kr 80 mill i 2015. Helse Bergen har og andre store prosjekt, men desse er føresett finansiert innafor eigen generert likviditet.

Helse Stavanger har 3 prioriterte prosjekt som dei ikkje klarer å finansiere innanfor 5 års perioden utan å ta opp lån. Dette gjeld nytt bygg til barne- og ungdomspsykiatri (BUPA) med kr 150 mill, Stavanger DPS med kr 150 mill og innreiing av 3. etasje MOBA med kr 150 mill.

Samla lånebehov for Helse Stavanger og Helse Bergen er oppsummert i følgjande tabell:

Spesifikasjon av lånebehov	2010	2011	2012	2013	2014	2015
BUPA - Helse Stavanger		150 000				
Stavanger DPS		150 000				
MOBA - Helse Stavanger			130 000	20 000		
BUSP fase I - Helse Bergen		108 000	140 000	162 000	162 000	135 000
BUSP fase II - Helse Bergen						80 000
Sum lånebehov	0	408 000	270 000	182 000	162 000	135 000

Det samla investeringsgrunnlaget føreset at det blir gitt lån til dei aktuelle prosjekta. Dersom det ikkje blir gitt lån på det ønska nivå, må helseføretaka gjere omprioriteringar i sitt investeringsbudsjett for å tilpasse seg tilgjengeleg likviditet.

Med basis i dei føresetnader som her er omtala vil det finansielle grunnlaget for føretaka bli som følgjer:

Finansielt grunnlag investeringar	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Helse Stavanger	274 148	495 242	341 702	257 718	221 649	262 554
